



S Ø K N A D

REISERETT TRANSPORTTENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA I MØRE OG ROMSDAL

(Utfylt søknad skal sendast til kommunal godkjenninginstans i bustadkommunen)

Søknad må vere fullstendig utfylt. Kommunal godkjenninginstans gjev nærare opplysningar og kan hjelpe til med utfylling av søknad. Kommunal godkjenninginstans kan be om erklæring på eige skjema frå til dømes lege. Søklar må sjølv betale eventuelle utgifter ved slik erklæring.

Sjå elles den vedlagte orienteringa om transporttenesta.

Etternamn	Fornamn	Født (dag, månad, år)
Adresse	Postnummer/poststad	Telefon

KRYSS AV FOR KVA FUNKSJONSHEMMING(AR):

<input type="checkbox"/>	Rørslehemma	<input type="checkbox"/>	Revmatiker
<input type="checkbox"/>	Blind	<input type="checkbox"/>	Hjartesjuk
<input type="checkbox"/>	Svaksynt	<input type="checkbox"/>	Lungesjuk
<input type="checkbox"/>	Døv/sterkt tunghørt	<input type="checkbox"/>	Psykisk lidning
<input type="checkbox"/>	Psykisk utviklingshemma	<input type="checkbox"/>	Anna (opplys kva)

<input type="checkbox"/>	Eg nyttar rullestol
<input type="checkbox"/>	Eg nyttar stokk, krykkje, gåstol
<input type="checkbox"/>	Eg har grunnstønad frå NAV til transport
<input type="checkbox"/>	Eg har stønad frå NAV til kjøp av bil
<input type="checkbox"/>	Mi funksjonshemming blir redusert på visse årstider *

*Dersom dette valet er avmerka: Synest De at det då «ikkje blir», «blir noko», eller «blir mykje» lettare å reise, til dømes med buss?

EG REISER I DAG SLIK (Merk av eitt eller fleire alternativ):

- Eigen bil
- Drosje
- Sit på med ektefelle/sambuar, anna familie, kjende
- Buss heile året
- Buss, men berre delar av året

AVSTAND FRÅ BUSTAD TIL NÆRASTE BUSSHALDEPLASS (METER)

DERSOM REISERETT BLIR INNVILGA KAN EG REISE SLIK:

- Eg kan reise med vanleg drosje
- Eg treng spesialbil (til dømes for rullestolbrukarar)
- Eg kan reise aleine, utan spesiell hjelp
- Eg kan reise aleine, men treng hjelp av sjåfør
- Eg treng å reise saman med eigen følgjeperson

UFYLLANDE OPPLYSNINGAR OM KVIFOR DE SØKJER TRANSPORTTENESTE

DATO

SØKJAREN SI UNDERSKRIFT

--	--

ORIENTERING TIL SØKJAR OM TRANSPORTTENESTA

Transporttenesta er ei fylkeskommunal ordning, men kommunane godkjenner brukarar etter fylkeskommunale retningslinjer. I retningslinjene står det m a:

”Transporttenesta er meint å vere eit tilbod til funksjonshemma personar som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Det er ein intensjon å prioritere personar med varig livslang forflyttingshemming.”

”Funksjonshemminga skal være varig og må vare i minst 1 år for at søkjar skal kunne godkjennast. Graden av forflyttingshemming skal elles leggjast til grunn ved vurdering av søknad, ikkje type funksjonshemming eller alder. Transporttenesta er ikkje meint å vere ei erstatning for eventuelt manglande busstilbod eller til dømes lang veg til haldeplass eller avsidesliggjande bustad.

Det kan såleis godkjennast personar som ikkje kan, eller berre med store (vesentlege) vanskar kan reise med buss.

Fylkeskommunen fastset kor mange personar som kan godkjennast som brukarar av transporttenesta i kvar kommune. Kommunane kan prioritere ein søkjar framfor ein annan søkjar. Søkjar kan plasserast på venteliste. Ein brukar blir godkjend for eitt år, men ny årleg søknad er ikkje naudsynt. Ein godkjend brukar kan få oppheva si brukargodkjenning, til dømes dersom annan søkjar blir prioritert foran, eller dersom retningslinjene blir endra.

Transporttenesta er eit tilbod om “dør til dør” transport med drosje eller med småbuss spesielt utstyrt for å transportere funksjonshemma. Transporttenesta er mest eit tilbod om fritidsreiser. Transporttenesta skal ikkje nyttast ved reiser som blir betalt av andre, t d reiser til/frå lege betalt av folketrygda (NAV). Eigendelen ved slike reiser skal ein betale sjølv som andre pasientar.